



Arkivnr: 2015/1175-5

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Erlend Hofstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015
Fylkesutvalet		27.08.2015

Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd revidert forslag til freding av Stødleterrassen i Etne kommune. I fredingssaker etter kulturminnelova er det Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka og Riksantikvaren som gjer vedtak, medan fylkeskommunens politiske organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

Stødleterrassen er ein markant landskapsformasjon langs Etneelva. På terrassen ligg ei uvanleg stor mengd forhistoriske kulturminne, og det er òg stort potensiale for nye funn under marka. Drift av sand- og grustak har i nyare tid redusert arealet på terrassen, og mange kulturminne er gått tapt. Det dåverande Miljøverndepartementet konkluderte i 2001 med at ein måtte sikre ei berekraftig forvaltning av kulturminna i området, og både Riksantikvaren og fylkesutvalet har peika på freding som verkemiddel. Fylkeskommunen varsla difor om oppstart av fredingssak i 2005. Fredingsforslaget var på høyring første gong i 2010. På bakgrunn av høyringsrunda vart omfanget av fredinga sterkt redusert, og på grunn av dette konkluderte Riksantikvaren at saka måtte på ny høyring. I fredingsforslaget som no ligg føre, er også føresegnene revidert for å gjera dei mest mogleg oversiktlige.

Fredingsforslaget omfattar 521 dekar og dekkjer i hovudsak dei delane av terrassen der det ligg automatisk freda kulturminne, og der det er størst potensiale for nye funn. Fredinga skal bevare verknaden av dei automatisk freda kulturminna i miljøet ved å oppretthalda samanhengen mellom dei og landskapet. Vidare skal fredinga sikra dei automatisk freda kulturminna som kan liggja skjult i marka. Det er soleis omsynet til kjende og ukjende automatisk freda kulturminne som er det sentrale. Fredinga skal ikkje føre til vesentlege endringar i driftsform og virke. Vidare drift er i tråd med, og ønskjeleg, i høve til formålet med fredinga. Det er lagt vekt på at fredinga ikkje skal føra til vesentleg ulempe for eigarar og brukarar på Stødleterrassen. Føresegnene seier at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan med retningsliner for drift, skjøtsel og vedlikehald. Med tilrettelagte verkemiddel vil ei freding kunne verka til å styrke og vektlegga landbruket og opplevingsbasert verksemd som næringar i dette spesielle området.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Stødleterrassen. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane og samstundes leggja til rette for vidare drift som landbruksområde.
2. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.
3. Fylkesutvalet ber om at fredinga vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag Stødleterrassen i Etne
- 2 Kart fredingsforslag Stødleterrassen
- 3 Kulturminnedokumentasjon Stødleterrassen

Fylkesrådmannen, 04.08.2015

Bakgrunn

Stødleterrassen er eit markert platå av morenemassar og sorterte massar som hevar seg opp frå dalbotnen langs Etneelva. Landskapsformene er resultat av geologiske tilhøve og ein jordbrukstradisjon som går langt tilbake i tid. På Stødleterrassen ligg over 50 forhistoriske kulturminne, ei uvanleg stor mengd, som alle er automatisk freda. Tidlegare har talet vore over det dobbelte, men mange kulturminne har gått tapt. Potensialet for vidare funn er svært høgt, og det er påvist fleire funn og anlegg under markoverflata. Dei eldste funna er frå slutten av steinalderen. Dei automatisk freda kulturminna (eldre enn 1537) omfattar m.a. fleire gravfelt, gravhaugar, bergkunst og dyrkingsspor, Stødle kyrkje og den eldste delen av kyrkjegarden. Samanhengen mellom landskapet og kulturminna gjer terrassen til eit spesielt område.

Stødleterrassen har store sand- og grusressursar. Uttak av desse har redusert arealet på terrassen, særleg i vest og søraust, og ført til tap av viktige kulturminne. Kulturminne og kulturlandskap på Stødleterrassen har lidd under denne utviklinga. På enkelte delar av terrassen har tapet vore fullstendig, andre stader ligg det framleis mykje att. Dei inngrepa som vart gjort må sjåast i lys av trongen for ressursar etter krigen og manglar i lovverk fram mot revisjonen av kulturminnelova i 1978. Attverande landskap og kulturminne på Stødleterrassen gjer at ein likevel står andsynes ein imponerande heilskap. Vidare uttak vil råka kulturminna og heilskapen sterkt.

Fredingssaka

Fredingssaka for Stødleterrassen har ei lang og samansett forhistorie. I 2000 gjorde Hordaland fylkeskommune vedtak om mellombels freding av området nord og sør for Stødle kyrkje. Samstundes fremja Etne kommune sak om utvida sand- og masseuttak lenger sør på Stødleterrassen. Ved handsaminga av reguleringsplanen bad fylkesutvalet i Hordaland 7. desember 2000 om at det vart sett i gang arbeid for å sikra eit område på Stødleterrassen etter kulturminnelova. Twisten mellom regionale kulturminnestyresmakter og kommune vart avgjort etter handsaming av klagesak av Miljøverndepartementet i 2001, der ein rådde i frå vidare uttak av sand og bad om at kulturminna vart sikra ei berekraftig forvaltning. I 2004 rådde Riksantikvaren til at Hordaland fylkeskommune starta opp fredingssak for området.

Varsel om oppstart vart sendt ut i 2005. Det kom inn i alt 12 merknader til varsel om oppstart av freding. Felles for dei fleste var uro for framtidig bruk av området og skepsis til nytteverdet av ei freding. Frå jordbruksfagleg ståstad vart det uttrykt uvisse til utviklinga av landbruket som framtidig leveveg frametter - både for dyrka landbruksareal, og for utvikling av eksisterande gardstun. Etter oppstartsmeldinga vart det halde fleire opne møte og dialogmøte med grunneigarane og etablert ei vidt samansett referansegruppe. Eit fredingsforslag var sendt på høyring i 2010. Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka 24. august 2011 og vedtok då følgjande:

1. Fylkesutvalet sluttar seg ikkje til fredingsforslaget for Stødleterrassen i Etne kommune.
2. Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd ein oversiktleig forvaltningsplan som klargjer og forenkler prosessar for sakshandsaming og ikkje hindrar landbruk og tilpassa næringsutviklinga i området.
3. Fylkesutvalet ber om at forvaltningsplanen vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området og at dette vert gjort i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar.
4. Fylkesutvalet ber kommunen i samband med rullering av arealplan ta omsyn til kulturminne og utarbeide omsynssoner.

På bakgrunn av høyringsinnspela vart fredingsforslaget omarbeidd ved at arealet vart kraftig redusert, frå 917 til 521 dekar, og oversendt Riksantikvaren. Dei vurderte at endringane var så omfattande at forslaget måtte på ny høyring. Av den grunn er det reviderte fredingsforslaget som her ligg føre, utarbeidd. Det svarar til det forslaget som vart sendt Riksantikvaren 2013 kva gjeld omfanget av fredinga, men det er redigert om, føresegnene er justert, og ein del utfyllande opplysningar er lagt til. Området som vert føreslått freda omfattar sentrale deler av Stødleterrassen. Det dekkjer i hovudsak areal kring dei attverande kulturminnekonsentrasjonane, i tillegg dei delane av terrassen som det tidlegare er gjort funn på, eller som

har størst potensiale for funn i tilknytning til kjende fornminne. Det meste av fredingsområdet er i dag relativt flatt jordbruksland med aktiv og moderne landbruksdrift. Her ligg eit 20-tals bygningar, fordelt på fem gardstun.

Fredingsforslaget er ei såkalla områdefreding etter § 19 i kulturminnelova, som gir heimel til å freda områda rundt kulturminne som alt er freda. Formålet med områdefredinga er å bevare verknaden av dei automatisk freda kulturminna i miljøet, ved å oppretthalda samanhengen mellom dei og landskapet dei ligg i og ta vare på Stødleterrassen som naturformasjon og kulturlandskap. Vidare skal fredinga sikra dei vitskaplege interessene som knyt seg til dei automatisk freda kulturminna og ivareta kjeldeverdien som ligg skjult i marka.

I samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 er fredingsforslaget sendt på høyring til partane i saka og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med høyringsmerknadene vert forslaget så lagt fram for kommunestyret, før det – med eventuelle justeringar på bakgrunn av høyringane – vert sendt over til Riksantikvaren, som fattar fredingsvedtaket. I fredingssaker er det soleis Kultur- og idrettsavdelinga som førebur saka for Riksantikvaren, medan fylkeskommunens politiske organ i denne samanhengen er ein høyringsinstans.

Vurdering

Stødleterrassen er eit særlege kulturlandskap. Samanhengen mellom dei automatisk freda kulturminna, og mellom dei og landskapet dei ligg i, er vesentleg både for opplevinga og forståinga av kulturminna. Omveltingane i det moderne samfunnet har ført til eit press på landskapet og kulturarven på Stødleterrassen. Massane som terrassen er bygd opp av, er i vår tid ein råstoffressurs som kan utnyttast industrielt. Kulturminna på staden har i stor grad måtta vike for uttak av sand og grus. Bit for bit har nasjonale kulturminne gått tapt. Om utviklinga hadde fortsett hadde dei fysiske spora etter ei fleire tusen år lang soge vore i ferd med å forsvinne heilt. Riksantikvaren har uttrykt at eit så viktig kulturmiljø som Stødleterrassen bør sikrast gjennom kulturminnelova. Også det dåverande Miljøverndepartementet har lagt til grunn at «det samla kulturmiljøet på terrassen er av nasjonal interesse/verdi». Freding etter kulturminnelova er det sterkaste verkemiddelet kulturminneforvaltninga har for å sikra at nasjonalt viktige kulturminne vert tekne vare på for ettertida. I Stortingsmelding nr. 16 (2004 – 2005) Leve med kulturminner er det slått fast som eit strategisk mål for kulturminnepolitikken at «et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig bredde skal gis varig vern gjennom fredning». For å sikra eit langsiktig og heilskapleg vern av dei attverande og verdfulle samhengane som kulturminna viser, har Hordaland fylkeskommune difor vurdert det som naudsynt med ei områdefreding av den sentrale delen av Stødleterrassen.

Eigaromsyn

I fredingssaka har det vore eit sentralt punkt å sameine omsyna til kulturminna med interessene til eigarar og brukarar på Stødleterrassen. Storleiken på fredingsarealet har stått sentralt, og grunneigarar og kommunen har ønskja eit mindre omfang enn det fylkeskommunen først gjekk inn for. Fylkeskommunen har difor vurdert nøye kva for areal på terrassen som det er fagleg tilrådeleg å forvalta etter anna lovverk enn kulturminnelova. Lokal kunnskap hjå grunneigarar og i kommunen om kulturminna, og ansvarleggjering lokalt gjennom planprosessar, gjer at større område kan verta liggjande utanfor områdefredinga. På denne bakgrunnen er fredingsområdet justert ned frå 917 til 521 dekar, slik at det berre dekkjer dei viktigaste areala med kjende kulturminne, områda mellom dei, og areal med stort potensial for nye automatisk freda kulturminne. Fornminna er lokalisert på øvre del av terrasseflaten. Terrassekanten utgjer ei naturleg avgrensing av området, elles er eksisterande veg- og eigedomsgrenser lagt til grunn.

Fredinga vil ikkje endra brukarane sin bu- og driftssituasjon. Vidare landbruksdrift på Stødleterrassen er viktig for formålet med fredinga og det overordna landskapsbiletet som ein ønskjer å verne om. Med ei freding etter § 19 er det omsynet til dei mange automatisk freda førhistoriske kulturminna på Stødleterrassen som er det sentrale. Bygningar og andre strukturar i fredingsområdet er ikkje freda i seg sjølv, og fredinga skal ikkje måtte innebera ei «fastfrysing» av enkeltelement i området i deira noverande form. Det kan soleis vera rom for ganske omfattande tiltak m.a. i gardstuna, så lenge det ikkje får vesentleg innverknad på heilskapspreget av området.

Fredingsføresegnene slår fast at det skal utarbeidast ein forvaltingsplan for området, med retningsliner for drift, skjøtsel og tiltak. Det vil vera viktig at både grunneigar og ulike forvaltningsnivå er innforstått med dei rettar og plikter som gjeld. Forvaltingsplanen skal vera ei brukarvenleg rettleiing som klargjer dette og forenkler sakshandsaminga. Målet er at flest mogleg tiltak skal kunne utførast utan at fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt må involverast, ei løysingsorientert dispensasjonspraksis og ei enkel og rask sakshandsaming generelt. Forvaltingsplanen er difor avgjerande for ei god forvaltning av det freda området, og utarbeiding av planen må gjevast høg prioritet.

Kunnskapsformidling

Samanhengen mellom kulturminna og landskapet på Stødleterrassen er sterk. Sagamaterialet gjev staden ein viktig historisk dimensjon. Erling Skakke starta bygginga av Stødle kyrkje og plasserte denne i landskapet på ein framtrekande plass for å visa status. Kyrkje er plassert midt oppe i eit eldre gravfelt frå jernalderen. Få stader på Vestlandet er det like tydeleg korleis landskapets føresetnader, økonomisk aktivitet og politisk makt var knytt saman frå langt tilbake i førhistorisk tid og fram til mellomalderen. Her ligg eit stort potensiale for kunnskapsformidling og opplevingsbasert næring knytt til kulturminna i området. I samråd med lokale styresmakter og grunneigarar bør det greiast ut korleis dette potensialet kan utviklast.